

Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: 17.02.2017, kl. 10:00 – 13:15
Møtestad: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

| | |
|---------------------|---------------------|
| Agnes Landstad | Fung. styreleiar |
| Atle Hamar | Fung. nestleiar |
| Harry Mowatt | Medlem |
| Liv Stave | Medlem |
| Randi Aven | Medlem |
| Geir Berge Øverland | Medlem |
| Berit Hornnes | Medlem |
| Elin Lysne | Varamedlem tilsette |

Forfall frå styret

| | |
|------------------------|--------|
| Helge E. Bryne | Medlem |
| Wenche Kristin Røkenes | Medlem |

Deltakarar frå administrasjonen

Jon Bolstad, administrerende direktør
Vidar Vie, viseadm. direktør
Olav Hesjedal, direktør Medisinsk klinikk
Helge Robert Midtbø, direktør Kirurgisk klinikk
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Kristine Longfellow, fagdirektør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Halfdan Brandtzæg, økonomidirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Anne Marte Søsnes, prosjektleiar
Stig Igland, samhandlingssjef
Olav Osvoll, dagleg leiar Førdefjorden Energi AS

Sakliste

| | |
|----------|---|
| 007/2017 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| 008/2017 | Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 27.01.2017 |
| 009/2017 | Administrerande direktør si orientering |
| 010/2017 | Rapportering frå verksemda per januar 2017 |
| 011/2017 | NOU 2016:25 «Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten» - høyringsuttale frå Helse Førde HF |

Saker til orientering:

| | |
|----------|--|
| 012/2017 | «Pasientens helseteneste – Helse Førde» - status |
| 013/2017 | Eventuelt Skriv og meldingar «Styret sitt kvarter» |

Fung. styreleiar Agnes Landstad ønska styret, publikum og presse velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

MØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Prosjektleiar Anne Marte Søsnes orienterte om:

Prosjekt «Pasientar med store og samasette behov»

Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Helse Førde, Eid kommune, Flora kommune, Førde kommune og Høgskulen på Vestlandet.

Bakgrunn for problemstillinga var ei mindre gruppe av pasientar (10%) står for nærare 50% av forbruket av spesialisthelsetenesta, ref. rapporten «Storbrukarar av somatiske spesialisthelsetenester i Nordfjord-området».

Målgruppa for prosjektet var eldre pasientar over 65 år med store og samansette lidningar. Hovudmålet er å betre livskvaliteten for pasientane, også betre samhandling mellom primær- og spesialisthelsetenesta.

Utvelging av casepasientar basert på pasientforløp: Heim – Sjukehus – Korttidsopphald – Heim.

Prosjektet har avdekkja desse punkta i intervjufasen:

- Tryggheit når helsepersonell kjenner ein
- Utskrivings situasjonen opplevast uforutsigbar/utrygg
- «Sjukehusmaskineriet» på godt og vondt
- Manglande rutinar i kommunen

Korleis kan vi bruke intervjukunnskapen?

- Brukarmedverknad – brukarane sine opplevingar
- Kan sjå fellestrekk i pasientane sine erfaringar

- Personlegging av erfaringar og utfordringar kan vere med å skape større forståing for kva som må gjerast
- Lokal kunnskap og erfaring – dette gjeld oss

Oppsummering:

- Utvikle gode pasientforløp og effektiv oppfølging for pasientar med store og samansette behov
- Utvikle strukturelle tiltak
- Felles funksjonsvurderingsverktøy

Styret kommenterte at føredraget var interessant og tilnærminga virkar framtidsretta.

007/2017 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Fung. styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om:

- Styremedlemmer Bryne og Røkenes hadde meldt forfall
- Elin Lysne var innkalla som varamedlem tilsette
- 2 dokument var utsendt til «Skriv og meldingar»

Nye dokument til «Skriv og meldingar» utdelt i møte:

- Styringsmål 2017 (frå HOD)
- Helse 2035 – strategi for Helse Vest RHF -høyringsrapport
- Brev frå 8 avdelingssjefar vedr. «Kommentar til Rapport Helse Førde vedrørande varsling om kritikkverdige forhold», datert 06.02.2017
- Brev frå Dnlf vedr. «Førebels tilbakemelding til styret på rapport om omstillingsprosessen i Helse Førde», datert 15.02.2017
- Godkjent Årleg melding 2016 for Helse Førde HF

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

008/2017 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 27.01.2017

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 27.01.2017.

009/2017 Administrerande direktør si orientering

1. Revidert inntektsmodell

Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om gjennomgang av inntektsfordelings-modellen våren 2017. Frå Helse Førde deltek økonomidirektør og fagdirektør.

Grunnen til at ein ønskjer revisjon er at dagens modell bygger på 10-15 år gamle data. Endringar har skjedd i funksjonsfordelinga.

Inntekstfordelingsmodellen bygger på:

- ✓ Behovskomponenten
- ✓ Prehospitale tenester og pasienttransport
- ✓ Kostnadskomponenten
- ✓ Gjestepasientkomponenten
- ✓ Andre særskilte forhold

Helse Vest ønskjer å sjå nærare på kostnadskomponenten, gjestepasient-komponenten og andre særskilte forhold.

Premisser: Ein begrensa gjennomgang – full gjennomgang vert når nasjonal modell er gjennomgått på nytt. Føretaka blir bedt om å komme med innspel på forhold som ein meiner ikkje kjem godt nok fram i dagens modell.

Målet er å skape forståing og tillit til fordelingsmekanismene i føretaka, samt «avkrefte og bekrefte myter».

Tidsplan for behandling av inntektsmodellen er styrebehandling i Helse Vest RHF 21. juni. Dette betyr at arbeidet i prosjektgruppa må vere avslutta medio mai.

Styret stilte spørsmål kring skjønnstilskotet. Styret uttrykte skepsis til at prehospitale tenester og pasienttransport ikkje vert vurderte i revisjon av inntekstfordelingsmodellen i denne omgang. I samband med arbeidet med plan for prehospitale tenester må berekna tilskot kome fram.

2. Regjeringa sin tiltakspakke for auka sysselsetting – tildeling av nye midlar 2017

Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om at tiltaksmidlar 2017 er på 3,7 millionar kroner til Helse Førde.

3. Tilbakemelding frå erfaringskonferanse 2.-3. februar

Samhandlingssjef Igland orienterte om Erfaringskonferansen 2017 mellom KS og Helse Førde.

Konferansen er forankra i Koordineringsrådet. Første konferansen var i 2012. Målgruppa er personell i første- og andre-linjetenesta i ulike yrkesgrupper som arbeider tett på pasientane.

Fokusområde for konferansen var:

- Erfaringsutveksling
- Samhandlingsavvik
- Hjelpemiddel – «kven har ansvar for kva»?
- Elektronisk meldingsutveksling
- Medikament og legemiddellister

Vegen vidare vert å drøfte erfaringar i Fagrådet og Koordineringsrådet. Revisjon av avtale? Vidareutvikling av praksis. Tilbakemelding frå praksisfeltet i ny erfaringskonferanse om 2 år.

Styret kommenterte at samhandling med kommunane på denne måten er svært positivt og det var gitt gode tilbakemeldingar frå deltakarar.

4. Fjernevarme som energiforsyning i Førde, orientering om status i prosjektet og aktuelle tilhøve for Helse Førde

Dagleg leiar Førdefjorden Energi AS, Olav Osvoll orienterte.

Energisentral blir bygd frå fjorden ved Øyrane og opp til Førde sentralsjukehus.

Status:

- Ny endra konsesjon gitt i desember 2015
- 26,5 millionar kr i Enova støtte

Eigarar ved utbygging, Fase III, er: BKK, Sunnfjord Energi og Førde kommune

Framdrift i prosjektet:

- Oppstart 01.09.2016
- Energisentral ferdig 30.09.2017
- Rørnett ferdig 31.12.2017
- Ferdigstilling med leveranse til FSS innan mars 2018

Utfordringar i Førdepakken, med utbygging av gang/sykelsti. Infrastrukturen blir samordna i denne fasen.

Oljeforbruk i Helse Førde er på ca 72 000 l/år, og fjernvarme er såleis også eit miljøtiltak for Helse Førde.

Prosjektet har lagt opp til å kunne levere tilstrekkeleg kapasitet til FSS også ved ei utviding.

Styret stilte spørsmål vedrørande risikovurdering på leveringstryggleik og dei økonomiske føresetnadene i prosjektet.

Administrasjonen svara at det er gjort risikovurderingar og at eksisterande el-kjelar vil bli ståande som reserve i FSS.

5. MR-maskina i Lærdal

Adm. direktør Bolstad orienterte om status i arbeidet med MR-maskina i Lærdal, med bygningsmessige utfordringar.

- Investeringskostnader (11,7 + bygg ca 7 mill kr)
- Årlege driftskostnader berekna
- Plassering av MR på sjukehuset utgreidd

Styret kommenterte viktighet av at byggearbeidet kjem i gang i 2017.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering

010/2017 Rapportering frå verksemda per januar 2017

Oppsummering:

Fagdirektør Longfellow orienterte om: Kvalitet:

Ventetid ventande er 40 dagar i januar. Ventetid for starta behandling viser 51 dagar. Tal på ventande pasientar er 4673. Utvikling ventetid for ventelistepasientar viser lite endring. Fristbrot samla viser 4 for desember. Beleggsprosenten er stabil og viser 74%. Tildelt direkte time viser gode tall for Hele Førde samanlikna med dei andre føretaka. Liggedøgn utskrivingsklare pasientar viser 34 døgn, fordelt på 7 kommunar.

Styret kommenterte utskrivingsklare pasientar og korridorpasientar. Ruspost Tronvik, er det mykje pasientar frå Bergensområdet?

Administrasjonen svara at Døgnprosjektet vert meir omtala i Pasientens helseteneste. Av ruspasientar til Tronvik, så er 60% frå Bergen.

Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om: Aktivitet, økonomi og medarbeidarar

Aktivitet i somatikk i januar var god, dvs over aktivitet i fjor også over planlagt aktivitet. Aktivitet i psykisk helsevern

Fokus på to område for utvikling etter ein måned har vore:

- Utvikling av inntekter i aktivitet i somatikk
- Utvikling i kostnader til løn

Brutto månadsverk i januar var 2238. Netto månadsverk i januar var 2061. Sjukefråværet i desember var 6,3%.

Helse Førde har eit budsjettavvik per januar på minus 1,4 millionar kroner.

Oppfølging av tiltak i budsjett 2017:

Direktør Hesjedal orienterte om Medisinsk klinikk, som brukte 28,7 millionar kr meir enn berekna i 2016. Dette har ført til 11 tiltak i klinikken.

1. Prosjekt Døgn
2. Reduksjon kjøp dyre timar legar
3. Auka aktivitet ISF
4. Reduksjon lønskostnad tilsette/vikarar
5. Behandlingshjelpemiddel
6. Reduksjon innleige legevikarar
7. Auka laboratorieinntekter
8. Stopp prosjektbetaling kveldspoliklinikk
9. Reduksjon kostnad utstyr/reise
10. Reduksjon varekostnad
11. Reduksjon konsulenttenester

Oppsummering om tiltak i Medisinsk klinikk viser:

- Effekt av endringane innan behandlingshjelpemiddel kan ta noko lenger tid . Blir følgd opp.
- Reduksjon varekost: Noko av nedtaket av varekostnad LMBB blir løyst med andre tiltak. Effekt blir rapportert til neste måned.

Styret kommenterte dei tre første tiltaka, med meir beskriving av prognosen for tiltak 1-2. Styret stilte spørsmål til tiltak 7 «auka lab-inntekter», om det blir det gjort noko for å auke andel primærlegar som brukar laboratorium i føretaket?

Adm. direktør Bolstad viste til infoskriv frå praksiskonsulentar, også når det gjeld prøver frå patologisk avdeling i høve primærhelsetenesta.

Direktør Midtbø orienterte om Kirurgisk klinikk, sum effekt for 2017 som er på 25,218 millionar kroner. Klinikken har 12 tiltak:

1. Prosjekt Døgn
2. Reduksjon kjøp dyre timar legar
3. Prosjekt AAM
4. Intensiv, Operasjon, Anestesi
5. Ambulanseområdet
6. Implementering innkjøpsavtaler
7. DRG
8. Skadepoliklinikk –justere vaktssystem
9. Seksjonsleiar til 30%
10. Utsette 10 utdanningsstillingar
11. Endre oppstart turnuslegar
12. Poliklinikk

Styret kommenterte tiltak 10 «utsette 10 utdanningsstillingar».

Styret slutta seg til opplegget for dagens presentasjon av oppfølging av tiltak.

Vedtak (samrøystes):

Rapportering frå verksemda per januar 2017 vert teken til vitande.

011/2017 NOU 2016:25 «Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten» - høyringsuttale frå Helse Førde HF

Oppsummering:

NOU 2016:25 "Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten": Det er greidd alternativ til dagens organisering av spesialisthelsetenesta.

- 1) Avvikling av dei regionale helseføretaka. Færre helseføretak enn i dag – direkte underlagt Helse- og omsorgsdepartementet
- 2) Avvikling av dei regionale helseføretaka og erstatte desse med eit nyoppretta direktorat
- 3) Avvikling av dei regionale helseføretaka og erstatte desse med eit nasjonalt helseføretak

I tillegg vert det føreslege å opprette regionale einingar som skal eige og drifte alle eigedomane til dagens helseføretak, samt føre inn kostnadsdekkande husleige.

Helse Førde meiner alle alternativa inneber ei vesentleg sentralisering som er eigna til å svekke moglegeheitene tilsette, brukarar og lokalmiljø har for medverknad og påverknad, noko som vil føre til svekka legitimitet og lojalitet. Helse Førde har vurdert dei ulike alternativa til ny organisering, og kome til at vi ikkje kan tilrå nokon av dei. I staden foreslår Helse Førde at dagens modell må vidareførast og vidareutviklast.

Helse Førde vil ikkje tilrå oppretting av regionalt eigedomsselskap, men i staden vidareutvikle samarbeidet som alt er etablert mellom helseføretaka.

Utvalet føreslår også andre mindre endringar. Helse Førde er skeptisk til vedtaksfesting av absolutte kompetansekrav til styresamansetjing. Vidare støttar vi framlegget om endringar i finansieringsmodellen.

Adm. direktør Bolstad orienterte om høyringsuttalen.

Styret støttar vurderingane i saka. Styret ønskjer at høyringsuttalen innleiingsvis gjev eit samandrag som kort oppsummerer hovudmomenta i uttalen.

Styret ønskjer at høyringsuttalen vert tydeleggjort på følgjande punkt:

- *Samhandling; omtalt i faktadelen*
- *Nasjonal styring og prioritering; grunngje at dagens styringsmodell fungerer tilfredsstillande og betre enn dei fire alternativa, evt med konkrete døme.*
- *Finansieringsordninga; peike på utfordringar i små føretak med spreidd busetnad*

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Førde tek saka til vitande.
2. Styret i Helse Førde sender høyringssvar i samsvar med vedlagt framlegg, med dei justeringar som kom fram i møtet.

Saker til orientering:

012/2017 «Pasientens helseteneste - Helse Førde» – status

Oppsummering:

Styret ønskjer å være orientert om framdrift i utviklingsarbeidet, og ta stilling til spørsmål av strategisk karakter. Saka inneheld status pr medio februar. Det er definert 13 hovudprosjektområde:

- 1) Utvikle døgntilboda
- 2) Lærdal sjukehus – kartlegging
- 3) Poliklinikk og dagtilbod
- 4) Utvikle psykisk helsevern
- 5) Radiologi og laboratoriefag
- 6) Kirurgi, anestesi, oppvaking
- 7) Revidere lege og psykologplan - kartlegging
- 8) Prehospitale tenester
- 9) Stab og støtte
- 10) Samarbeidande sjukehus
- 11) Samhandling med kommunane
- 12) Tenesteinnovasjon
- 13) Forprosjekt Nye Førde sjukehus

Programorganisering er etablert og nokre av dei planlagde prosjekta er igang. Programmet involverer heile føretaket, og det er på dei fleste område stor grad av kompleksitet. I tillegg heng arbeidet med tenesteutvikling heng saman med fristane til forprosjekt Førde sjukehus. Arbeidet vert kobla tett til økonomisk langtidsplan, og skjer i nært samarbeid med Sykehusbygg. Mykje skal vere klart før forprosjekt «Nye Førde sjukehus» startar.

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om status for «Pasientens helseteneste – Helse Førde»

Styret kommenterte at prosjektet «Nye Førde sjukehus» har vore riktig prioritert, sett i høve framdrift av prosjekta. Det vart uttrykt honnør til arbeidet som blir gjort i prosjekta, og til alle prosjektleiarar.

Styret ber om at ein i seinare møte kan få meir inngåande informasjon om enkeltprosjekt som det vert arbeidd med.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orientering om status i arbeidet med pasientens helseteneste til vitande.

013/2017 Eventuelt

Fung. styreleiar Landstad orienterte om nye skriv og meldingar, som vart utdelt i møtet:

1. Styringsmål 2017, er mål frå Helseministeren som kjem i Styringsdokument 2017.

2. Høyring av Helse 2035 – strategi for Helse Vest RHF, vert ei sak som kjem til styret seinare.
3. Brev frå 8 avdelingssjefar vedr. «Kommentar til Rapport Helse Førde vedrørende varsling om kritikkverdige forhold», datert 06.02.2017.

Fung. styreleiar mottok brevet 09.02.2017.

4. Brev «Førebels tilbakemelding til styret på rapport om omstillingsprosessen i Helse Førde», frå tillitsvalde i legeföreninga datert 15.02.2017.

Fung. styreleiar Landstad sa at brev frå avdelingssjefar og brev frå Dnlf er dokument som kjem til styret til orientering. Det vart vist til faktarapporten og vedtak i styresak 005/2017, der styreleiar og adm. direktør følgjer opp det vidare arbeidet.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Samhandlingsnytt, februar 2017
- RHF styresak 015/17 Etablering av ny modell for spesialistutdanninga for legar – dei regionale helseføretaka sine roller og ansvar

Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet i møtet:

- Styringsmål 2017 (frå HOD)
- Helse 2035 – utkast til strategi for Helse Vest RHF (vert styresak på neste møte)
- Brev frå 8 avdelingssjefar vedr. «Kommentar til Rapport Helse Førde vedrørende varsling om kritikkverdige forhold», datert 06.02.2017
- Brev frå Dnlf vedr. «Førebels tilbakemelding til styret på rapport om omstillingsprosessen i Helse Førde», datert 15.02.2017
- Vedtatt Årleg melding 2016 for Helse Førde HF

Ref. Berit Irene Haarklau

Agnes Landstad
Fung. styreleiar

Atle Hamar
Fung. nestleiar

Helge E. Bryne
(sett)

Harry Mowatt

Liv Stave

Atle Hamar

Randi Aven

Geir Berge Øverland

Berit Hornnes

Elin Lysne
Varamedlem tilsette